



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Sosialfagleg arbeid med einslege
mindreårige flyktningar

Social welfare work with
unaccompanied minor refugees

222

Camilla Hønsi

Bachelor i sosialt arbeid

Fakultet for helse- og sosialvitskap/Institutt for
velferd og deltaking

25.05.2018

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

Abstract

This assignment is a literature study about unaccompanied minor refugees. This work is about social workers (and other caretakers) increasing the inclusion and strengthening the accompanied minor's resilience. It is because of my own experience working with accompanied minors that I chose this assignment subject. I have experienced the difficulties some minors have with inclusion. Research shows that when a caretaker first meets a young refugee, the caretaker is not always friendly or emotionally present. One good starting point is for the caretaker to see the minor as resourceful and not treat them as victim. It is important that we caretakers welcome the minors to Norway in a positive way, so they can have a good quality of life in their new environment. The literature study highlights various welfare areas that social workers and caretakers must work towards for promote resilience and inclusion, such as a school, workplace, home, social or recreational activity. To be able to work in these areas, it is necessary to help them to mobilizing resources, providing a good relationship and development support, and being culture sensitive when working with minors.

In addition, I have found three different scientific research articles that shed light on the minor refugee's experience, working with caretakers on various locations. It also brought forward the various challengers that environmental workers meet working with minor refugees in their home. Here, there are challenges related to experiencing it as a home for some of the minors. I will discuss this in my discussion by looking at various welfare areas to emphasize social welfare work, inclusion and resilience.

Innhald

1. Introduksjon	4
1.1 Presentasjon av problemstilling	5
1.2 Grunngeving for val av tema	5
1.3 Oppgåva si disposisjon og oppbygging.....	5
2. Metode	6
2.1 Val av metode.....	6
2.2 Søkjeprosess	6
2.3 Val av litteratur.....	7
3. Presentasjon av funn	8
3.1 «Vær snill!».....	9
3.2 «Reconceptualising refugee education: exploring the diverse learning contexts of unaccompanied young refugees upon resettlement».....	9
3.3 «Hjem eller institusjon?»	9
4. Omgrepsavklaring	10
4.1 Kven er dei einslege mindreårige?	10
4.2 Heilskapsperspektiv i sosialt arbeid	10
4.3 Inkludering.....	11
4.4 Resiliens.....	11
5. Teori – Sosialfagleg arbeid	12
5.1 Mobilisere ressursar	12
5.2 Tilby ein god relasjon.....	13
5.3 Utviklingsstøttande omsorg	13
5.4 Kultursensitivitet	14
6. Drøfting	14
6.1 Skule og arbeid	14
6.2 Fritidsaktivitetar og sosialt fellesskap	16
6.3 Heim	19
7. Avslutning/konklusjon	25
8. Litteraturliste	26

1. Introduksjon

Ved inngangen til 2017, var det over 30 millionar barn som flykta frå landet sitt, hovudsakleg grunna krig og konflikt. 1 av 200 barn i heile verda er flyktningar. Ytterlegare kom det 5297 mindreårige asylsøkjara til landet vårt i 2015, noko som er det høgste talet som er registrert nokon gong. For å kunne vise til 2016, kom det færre einslege mindreårige til landet vårt, altså 320 barn. Barna som kom då, var for det meste frå Afghanistan, Syria og Eritrea. Grunnen til at det kjem færre einslege mindreårige flyktningar no enn tidlegare i Europa, er grunna stengde fluktruter og grenser (Sommerseth, 2017).

Eg har i denne oppgåva valt å ta eit heilskapsperspektiv og vel å rette fokuset mot korleis me som sosialarbeidarar og andre vaksne gjennom sosialfagleg arbeid skal møte dei einslege mindreårige flyktningane. Når dette er sagt, vil eg særskilt sjå nærare på korleis me kan auke inkludering og styrke deira resiliens. Resiliens handlar om motstandskrafta kvar einskild barn har mot å utvikle ulike problem (Borge, 2010, s. 12). For å få til dette, har eg valt ut nokre rammer innanfor sosialfagleg arbeid som eg meiner er vesentleg å arbeide ut frå. Dette er rammer som å mobilisere ressursar, tilby ein god relasjon, gje utviklingsstøttande omsorg og vere kultursensitive i møte med ungdomen. Desse rammene vil eg dra inn i ulike arena som skule og arbeid, fritidsaktivitetar og sosialt fellesskap og i heim. I tillegg har eg valt å avgrense temaet om einslege mindreårige flyktningar, mot å sjå på ungdomar som har fått opphald og er busett i kommune.

Eit utgangspunkt for denne oppgåva er å sjå på desse barna som ressurssterke barn, og ikkje sjå og behandle dei som ofre (Eide, 2012, s. 18). Det å flykte frå heimlandet sitt åleine krev mykje mot og styrke. Med andre ord, dei har kjemperessursar og har stort potensial for å klare seg godt i Noreg. Dei vaksne sine eigenskapar og kompetanse er vesentlege for om staben skal kunne vere gode rettleiarar og støttespelarar for ungdomane (Barne-, likestillings – og inkluderingsdepartementet, 2011, 67-68). Dette meiner eg er eit naudsynt tema, fordi forskning syner at omsorgsgjevarar ikkje alltid er venlege og emosjonelt tilstades i møte med den unge (Skårdalsmo & Harnischfeger, 2017, s. 9). Difor meiner eg det er avgjerande å setje dette viktige tema på dagsorden! Det er ein føresetnad at me som omsorgsgjevarar møter dei einslege mindreårige ungdomane på ein god måte for å auka deira livskvalitet i den nye kvardagen i Noreg.

1.1 Presentasjon av problemstilling

I denne oppgåva vel eg å ta føre meg sosialfagleg arbeid knytt til sentrale arena som skule og arbeid, fritidsaktivitetar og sosialt fellesskap og heim. Ut frå dette har eg valt følgjande problemstilling;

- Korleis kan me jobbe for å auke inkludering av einslege mindreårige ungdomar, og slik styrke deira resiliens?

1.2 Grunngeving for val av tema

Grunnval for tema var etter eg hadde vore i praksis i eit døgnbemanna bufellesskap for tre einslege mindreårige ungdomar i alderen 15-17 år frå Afghanistan. Gutane som budde der hadde fått opphald og var busett i kommune. Inntrykka eg fekk, var at det av og til var vanskeleg å inkludere einslege mindreårige ungdomar med norske jamnaldrande. Dette var med på å forsterke mi interesse for temaet. I tillegg vil eg lære litt om korleis eg som sosialarbeidar gjennom sosialfagleg arbeid møter desse ungdomane på ein god og profesjonell måte i mi komande yrkesrolle.

1.3 Oppgåva si disposisjon og oppbygging

I starten på oppgåva vil eg presentere metode som kjem med ei oversikt over nytta metode, søkje prosess og val av litteratur. Ytterlegare kjem det ein presentasjon over tre vitenskaplege forskingsartiklar som eg har funne. Deretter kjem omgrepsavklaring, som vil definere kva som kjenneteiknar dei einslege mindreårige, val av perspektiv og vidare kva omgrepa inkludering og resiliens omhandlar. På grunnlag av oppgåvas omfang, vel eg å definere kort kva resiliens går ut på sidan det er eit vidt omgrep. Vidare kjem teori, der eg har valt ut nokre rammer innanfor sosialfagleg arbeid som eg meiner er vesentleg i møte med ungdomen for å kunne auke inkludering og styrke resiliens. Heilt til slutt kjem drøftingsdelen, som er hovuddelen på oppgåva. Der vil eg drøfte funn opp mot teori som skal svare på mi problemstilling. Samstundes vil eg kome med nokre døme frå min praksisperiode der det passar seg. Avslutningsvis kjem det ei oppsummering/konklusjon av oppgåva og ei oversikt over nytta litteratur.

Ytterlegare vel eg å bruke nemninga einslege mindreårige og forkortinga EM gjennom oppgåva, samt at eg også vil skildre dei som ungdomar og unge. Vidare vel eg å skildre dei i hjelpeapparatet som sosialarbeidarar, omsorgsgjevarar og vaksne.

2. Metode

2.1 Val av metode

«En metode er en framgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder» (Dalland, 2007, s. 83). Innanfor metode har eg bestemt meg for å bruke litteraturstudie som undersøkingsdesign for å kunne svare på mi problemstilling. Dette er den vanlegaste typen innan sekundærdata. Ein slik studie baserer seg på andre si forskning, det vil seie det andre har publisert i rapportar, artiklar og bøker. Målet med litteraturstudie er å få fram det andre har gjort på eit felt, samanlikne det ein finn av teoriar og funn og samstundes fastslå kva ein veit (Jacobsen, 2010, s. 54). Grunnen til at eg har valt denne type metode er fordi det finst mykje forskning rundt tema frå før.

Dei vitskaplege forskingsartiklane som eg har funne, er bygd på kvalitativ metode. Kjenneteikn for den kvalitative metoden er at den går i djupna og ein får vite mykje om få personar. Ein brukar intervju og ustrukturerte observasjonar som verktøy for å samle inn data/informasjon. Til forskjell frå kvantitativ metode, som har som kjenneteikn at ein går i breidda og får vite lite om mange personar. Denne metoden bruker ein spørjeskjema, samt strukturerte og systematiske observasjonar som verktøy for å innhente data/informasjon (Dalland, 2007, s. 86).

2.2 Søkjeprosess

I søkjeprosessen har eg funne mykje god litteratur i bøker på biblioteket utan å ha søkt i nokre spesielle databasar. Denne litteraturen har eg brukt mykje i oppgåva mi. I søket etter vitskaplege forskingsartiklar brukte eg «Oria» som database. Døme på nokre søkjeord som vart brukt på norsk og engelsk er: «enslige mindreårige flyktninger» OR «unaccompanied minor refugees» AND integrer* OR integrat* AND resiliens* OR resilience*. For å søkje breiare bytta eg også ut integrer* OR integrat* med inkluder* OR inclus*. I tillegg nytta eg søkjeord som «skule» OR «school» AND «arbeid» OR «work» AND «ungdom» OR «youth» AND «sosialfaglig arbeid» OR «social welfare work». Desse søkjeorda kom fram til forskingsartiklar som var mest relevant for mitt tema og problemstilling.

2.3 Val av litteratur

I søkjeprosessen etter forskingsartiklar, har eg vore oppteken av å finne nyare forskning. I databasen «Oria», blei søket avgrensa ved å krysse av på «siste 10 år» på utgivingsdato ved avansert søk. For å finne fram til truverdig forskning brukte eg omgrepa «validitet» og «reliabilitet». Validitet omhandlar at litteraturen ein finn er gyldig og er relevant i høve til problemstilling. Medan reliabilitet omhandlar at litteraturen er påliteleg og gjort på rett måte i høve til målingar (Dalland, 2007, 50-51). Ytterlegare har eg vore kritisk til kjeldene eg har funne ved å vurdere forfattar, utgivingsdato og om informasjonen er rett og relevant i høve til mi problemstilling og mitt tema.

Eg har funne tre vitenskaplege forskingsartiklar som dannar eit grunnlag for oppgåva mi:

- «*Vær snill!*» av Envor M. Bjørgmo Skårdalsmo og Jessica Harnischfeger (2017).
- «*Reconceptualising refugee education: exploring the diverse learning contexts of unaccompanied young refugees upon resettlement*» av Lutine de Wal Pastoor (2017).
- «*Hjem eller institusjon?*» av Ketil Eide, Irmelin Kjelaas og Ann Kristin Larsgaard (2017).

Alle forskingsartiklane vurderer eg som gyldige og truverdige. Dette på grunnlag av at eg kryssa av på «fagfelleverderte tidsskrift» ved «avansert søk» i databasen «Oria». Ekspertar innanfor dette fagområdet vurderer og godkjenner artiklane som blir publisert der. I tillegg innehaldt dei metode, funn og resultat (Dalland, 2007, s. 80). I søkjeprosessen etter vitenskaplege artiklar, oppdaga eg fort at fagfelleverderte tidsskrift ikkje alltid innehaldt desse overskriftene i artikkelen sin. I tillegg vurderer eg dei som relevante i høve til mi problemstilling, fordi mitt hovudfokus er å auke inkludering og styrke resiliens. Ytterlegare omhandlar dei mi målgruppe som er einslege mindreårige flyktningar. I tillegg rettar dei fokuset mot kva erfaringar einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar har til omsorgsgjevarar, samt erfaringar knytt til ulike arena som fritidsaktivitetar og arbeid. Vidare kastar dei lys over kva utfordringar miljøarbeidarar/EM støyter på i høve til å oppleve heimen som ein heim.

Vidare vurderer eg forskingsartikkelen «Vær snill» som truverdig då Skårdalsmo er psykolog ved Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress og Harnischfeger er psykologspesialist og arbeider i Bufetat (Skårdalsmo & Harnischfeger, 2017, s. 6). Vidare ser eg på den som påliteleg i høve til målingar, fordi psykologane stilte opne spørsmål i intervjuet. Samstundes går det fram at dei kom med oppfølging spørsmål som: «Fortell mer

om det», dersom dei ikkje fekk nok informasjon frå ungdomane i intervjuet (Skårdalsmo & Harnischfeger, 2017, s, 8). Dette kvalitetssikrar at dei får nok informasjon, slik at forskinga blir påliteleg. Vidare vurderer eg forskingsartikkelen «*Reconceptualising refugee education: exploring the diverse learning contexts of unaccompanied young refugees upon resettlement*» som truverdig då den er utarbeida av Pastoor som har doktorgrad i utdanningsantropologi og er seniorforskar i Barne- og ungdomsdepartementet ved Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress. Forskingsartikkelen «Hjem eller institusjon?» vurderer eg også som påliteleg då mellom anna Eide har doktorgrad i sosiologi, og har forska mykje på levekår og oppvekst til einslege mindreårige (Gyldendal, udatert).

Ytterlegare har eg lagt stor vekt på ei fagbok utarbeida av Ketil Eide (2012), ved tittelen «*Barn på flukt – Psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktningar*» i oppgåva. Denne boka dannar eit heilskapleg bilete på korleis omsorga og det psykososiale arbeidet er i møte med einslege mindreårige flyktningar. Den kastar også lys over viktig kunnskap ein bør ha i møte med den einskilde (Eide, 2012, s. 5). Vidare har eg brukt tidsskriftet av Hilde R. Myhrer og Elin Stenerud (2011) ved tittelen «*Enslige mindreårige flyktningar i kommunene – Faglege perspektiv på bosettingsarbeidet*» ein god del i oppgåva mi. Dette tidsskriftet kastar lys over ulike tema som ein må vera merksame på i busetjingsarbeidet av einslege mindreårige flyktningar i kommunane. Den rettar også fokuset mot det dei unge har med seg i «ryggsekken» av ibuande styrkar og meistringsevne som er vesentleg for kommunane å hente fram frå dag ein. Hovudmålet i dette tidsskriftet er å leggje fram kva som fungerer i samarbeidet med ungdomen (Myhrer & Stenerud, 2011, 82-83). I tillegg har eg nytta andre fagbøker og artiklar som er relevante for mitt tema og problemstilling.

3. Presentasjon av funn

For å kasta lys over mitt tema og problemstilling har eg kome fram til tre vitenskaplege forskingsartiklar som eg har nemnt tidlegare i oppgåva. Desse ser eg på som relevante og dei gjev eit godt grunnlag for diskusjon i drøftingsdelen min. Her kjem ein presentasjon av forskingsartiklane som eg introduserte kort under punkt 2.3 «Val av litteratur».

3.1 «Vær snill!»

Psykologane Envor M. Bjørgmo Skårdalsmo og Jessica Harnischfeger's (2017) «*Vær snill!*». Denne studien byggjer på kvalitative intervju med 70 EM ungdomar. Undersøkinga hadde oppvekst i heimlandet, flukta til Noreg, framtidshåp og tida i Noreg som sentrale tema. Artikkelen er basert på det siste spørsmålet dei nytta seg av i undersøkinga som omhandlar om EM hadde nokon råd å gje til dei vaksne. Her kom det fram at fire av ungdomane ikkje fekk stilt dette spørsmålet, medan åtte ungdomar ikkje hadde nokon råd å gje. Dei som hadde råd å komme med, var til saman 66 ungdomar. Informantane var i alderen 13-20 år gamle, og hadde budd i Noreg frå eitt til fire år då intervjuet fann stad. Råd som mange av ungdomane hadde til felles å gje til omsorgsgjevarar var følgjande; Vær snill, ta vårt perspektiv, hjelp meg og gje reglane meining (Skårdalsmo & Harnischfeger, 2017, 8-9). Undersøkinga byggjer difor på dette tema.

3.2 «Reconceptualising refugee education: exploring the diverse learning contexts of unaccompanied young refugees upon resettlement».

Lutine de Wal Pastoor's (2017) «*Reconceptualising refugee education: exploring the diverse learning contexts of unaccompanied young refugees upon resettlement*». Dette er ein kvalitativ undersøking basert på intervju og deltakar observasjon med einslege mindreårige flyktningar i skular, samt i bustadar som til dømes bufellesskap i tre forskjellige kommunar. Fem skular deltok. Fire skular frå grunnskulen, og ein frå vidaregåande skule. Dei unge flyktningane som vart intervjuet, var alle elevar på skulen under undersøkinga. Studien sitt hovudmål var å få betre kunnskap om kva som fremjar eller hindrar moglegheita flyktningane har for utvikling og læring som er med på å leggje til rette for aktiv deltaking og inkludering i det norske samfunn. I tillegg er studien spesielt retta mot å få betre forståing av dei EM sine egne erfaringar, behov og ønskjer om utdanning, omsorg og støtte. Informantane i studien var EM i alderen 16-23 år, som hadde opphald og var busett i kommune. Det var totalt 40 informantar med i studien, der 32 var menn og åtte var kvinner som kom frå ulike land (Pastoor, 2017, 148-149).

3.3 «Hjem eller institusjon?»

Ketil Eide, Irmelin Kjelaas og Ann Kristin Larsgaard's «Hjem eller institusjon?». Dette er ein kvalitativ studie som har nytta ein innsamlingsmetode med semistrukturerte intervju. Det vil

seie at deltakarane fekk dele sine erfaringar i arbeid med EM i busetjingsfasen, og vart intervjuja på ein tøyeleg og open måte. Det var 36 informantar med i studien, og til saman har det blitt utført 25 intervju. Informantane kjem frå fem ulike kommunar frå ulike arbeidsfelt. 17 av informantane er miljøarbeidarar som kjem frå bufellesskap, to av dei er miljøarbeidarar som jobbar i ettervern, ni av dei er frå barneverntenesta, fire leiarar frå busetjingsarbeidet og fire frå NAV, som var enten helsesøstrer eller representantar. Det var fleire ulike tema i studien, men den som utmerka seg mest var dilemmaet mellom heim og institusjon. Undersøkinga byggjer difor på dette tema (Eide et al., 2017, 322-323).

4. Omgrepsavklaring

4.1 Kven er dei einslege mindreårige?

«Enslige mindreårige flyktninger er barn og unge under 18 år som kommer som asylsøkere eller overføringsflyktninger til Norge, uten foreldre eller andre foreldreansvar» (Eide, 2012, s. 16). Barne- og familiedepartementet har lagt fram ei felles livssituasjon som dei EM har. Barna er utan foreldra si direkte omsorg, rettleiing og vern. Dei oppheld seg i eit framand land med ukjent språk og kultur. Samstundes kjem barna som flyktningar frå eit samfunn med væpna konflikt og vald. Dei einslege mindreårige har opplevd ulike gradar av tap, sakn, sorg og dei har med seg traumatiske opplevingar (Eide, 2012, s. 17).

Rundt 10.000 EM har komme til Noreg for å søkt asyl åleine dei siste tiåra. Når dei kjem til Noreg er dei fleste mellom 15 og 17 år. Barna får flyktningstatus viss asylsøknaden blir godkjent. Etter dette får barnet tildelt ein norsk kommune som vedkommande kan busetje seg i. Det å busetje seg i ein ukjent kommune med ukjente omgjevnadar, er ofte sær sarskeleg for den einskilde, då dei reiser utan foreldre si støtte. På bakgrunn av dette er det avgjerande at EM får særskilt oppfølging og støtte, dette med tanke på at dei er i ein sårbar livssituasjon (Pastoor, 2016, s. 202).

4.2 Heilskapsperspektiv i sosialt arbeid

I denne oppgåva vil eg som sosialarbeidar ta eit heilskapsperspektiv gjennom oppgåva. Dette nemnte eg mellom anna innleiingsvis. På grunnlag av dette vil eg sjå på korleis me gjennom godt sosialfagleg arbeid kan bidra for å jobbe for å auke inkludering og styrke resiliens i ulike

arena. Eg vel difor og definere kort kva målet til sosialt arbeid er som profesjon, samt gå innpå kva heilskapsperspektivet handlar om.

Målet til sosialt arbeid er å hjelpa kvar og ein til å auka livskvaliteten sin, samt leggje vekt på «personen i situasjonen» ved å sjå på heile menneske sitt liv og dei relasjonane dei har i samfunnet og med andre menneske. «Personen i situasjonen» er eit omgrep som er ein del av heilskapsperspektivet. Ein ser her på konteksten og livssituasjonen kvar einskild har og prøver å forstå personen ut frå hindringar som kan oppstå kring den einskilde. I tillegg omhandlar heilskapsperspektivet seg om å sjå på levekåra ut frå eit kvardagslivsperspektiv. Dette omhandlar å sjå på økonomien, korleis den einskilde bur og lever, og vidare sjå på kva slags aktivitetar han/ho deltek på. Ytterlegare fokuserer ein og på korleis den einskilde jobbar og kva slags sosiale nettverk personen er ein del av. Det er vesentleg å sjå på «heile menneske», både det personen har av problem og ressursar i sosialt arbeid sin praksisutøving (Hansen, Solem & Nybø, 2017, s. 29).

4.3 Inkludering

Sidan eg har valt inkludering som ein del av mi problemstilling, vil eg no seie litt om kvifor eg valde dette, og kva det går ut på. I starten tenkte eg å bruke omgrepet integrering, i staden for inkludering. Då eg leita etter litteratur kom eg fram til at det var betre å bruke omgrepet inkludering, dette fordi ein finn ikkje ei klar semje over kva integrering står for. Fleire koplpar omgrepet med at ein må bli «norsk» og at EM i dette høve må gje frå seg sin identitet og kultur. Inkludering derimot er eit meir positivt lada omgrep. Inkludering omhandlar at menneske blir inkludert ved å vere deltakarar i det norske samfunn. Samstundes omhandlar det at dei i størst mogleg grad får moglegheita til å forsørgje seg sjølv (Pastoor, 2012, s. 220). Eit døme på å bli inkludert i samfunnet kan vera å få delta i skule, arbeid, fritidsaktivitetar og med andre menneske.

4.4 Resiliens

Innleiingsvis nemnte eg at eg skulle nemne resiliens i korte trekk pga. oppgåvas omfang og fordi det er eit vidt omgrep. Sidan eg har resiliens som ein del av mi problemstilling, vel eg å gå ut frå Rutters definisjon av omgrepet; «Resiliens er prosesser som gjør at utviklingen når et tilfredsstillende resultat, til tross for at barn har hatt erfaringer med situasjoner som innebærer en relativt stor risiko for å utvikle problemer eller avvik» (Borge, 2010, s. 14). Ut frå denne

definisjonen forstår eg resiliens som eit positivt lada omgrep og at barna kan klare seg godt i livet sjølv om dei har levd under risiko. Resiliens omhandlar motstandskrafta kvar einskild barn har mot å utvikle ulike problem (Borge, 2010, s. 12). Vidare har Waaktaar og Christie delt inn resiliens i ulike resiliensfaktorar inn i tre kategoriar som er individuelle, familiemessige og resiliensfaktorar i nettverket. Eg vel å ikkje gå i djupna på desse kategoriane, men heller illustrere dei med eit døme under kvar kategori. Medfødd robustheit kan vere eit døme på individuelle resiliensfaktorar. Vidare er tidlege samspels erfaringar eit døme på familiemessige resiliensfaktorar. Den siste, som er resiliensfaktorar i nettverket kan det å ha ein viktig person som har brydd seg på ekte under den belastninga barnet har levd under spele ei viktig rolle (Waaktaar & Christie, 2000, 20-23). Når dette er sagt klarar ikkje me som omsorgsgjevarar å fremje resiliens ved å påverke medfødd robustheit og tidlege samspels erfaringar som ungdomen har hatt med foreldra sine i oppveksten (Bengtson & Ruud, 2012, s 189).

Det eg vel å rette fokuset mot i denne oppgåva er å sjå på faktorar som er resiliensfremjande. Dette er faktorar som meistring, fellesskap, kreativitet og kontinuitet som bør vektleggjast i møte med ungdomen for å styrke deira resiliens (Myhrer & Stenerud, 2011, s. 88). Når ein har resiliens i fokus, er ein oppteken av å finne fram og styrke meistring og helse, i staden for å tenkje på sjukdom og korleis ein kan behandle den (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 258). I tillegg er det å gje ros, oppmuntre ungdomen gjennom aktivitet og sosial arena med på å fremje utvikling av resiliens (Borge, 2010, s. 37). Samstundes er det med på styrke deira resiliens ved at me som omsorgsgjevarar tilbyr ein god relasjon og fokuserer på korleis ungdomane har det «her og no» (Bengtson & Ruud, 2012, s. 189). Her kan me som sosialarbeidarar og andre vaksne bidra for å kunne auke inkludering og styrke ungdomane si resiliens.

5. Teori – Sosialfagleg arbeid

Her vil eg løfte fram kva som er viktig i møte med einslege mindreårige. Dette er rammene rundt det sosialfaglege arbeidet som eg legg vekt på for auke inkludering og styrke resiliens hjå ungdomen.

5.1 Mobilisere ressursar

I busetjingsfasen kan dei psykososiale overgang- og omstillingsprosessane føre til mental vekst, inkludering og tilpassing. På den andre sida kan det auke sårbarheit, ekskludering og

mistilpassing (Pastoor, 2016, s. 201). Som eg nemnte innleiingsvis er det avgjerande at me ser på barna som ressurssterke barn (Eide, 2012, s. 18). For at dei skal kunne ta i bruk sine egne ressursar, er det vesentleg at me som sosialarbeidarar, samt andre vaksne hjelp ungdomen til å mobiliserer desse. På den måten opplev dei meistring og har styring over eiga liv. Dette har med myndiggjering å gjere (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 104). «Myndiggjøring kan både ses på som en prosess eller strategi mot et mål, men også som et resultat i seg selv» (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 104). Det at ungdomen tek del i eigen situasjon er avgjerande. Får ikkje ungdomen gjort det, vil han/ho føle seg umyndiggjort. Det vil følast krenkande og kontrollerande for den det gjeld, og det er vesentleg at me ikkje har ei slik ovanfrå-og-ned-haldning (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 255).

5.2 Tilby ein god relasjon

For å klare å byggje ein god relasjon med dei EM ungdomane, må ein vere klar over nokre viktige høve. Dette er mellom anna korleis veremåten vår er og korleis me opptrer i møte med ungdomen. Til dømes om me er vennlege, imøtekommande, avslappa, interesserte og ekte i møte med den einskilde. I tillegg er det vesentleg at me som sosialarbeidarar og andre omsorgsgjevarar har evne til å vise empati. Empati handlar om innfølelse, som vil seie å leve seg inn i den andre si subjektive oppleving. Dette gjer ein ved å lytte, forstå og anerkjenne innhaldet i opplevinga, samt få vite kva slags kjensler den andre har «her og no» (Røkenes & Hanssen, 2012, 180-190).

5.3 Utviklingsstøttande omsorg

Sosialarbeidarar og andre vaksne som arbeider med einslege mindreårige, må ha evne til å gje utviklingsstøttande omsorg. Dette inneberer at ein skal gje omsorg og ivareta ungdomen. Vidare handlar utviklingsstøttande omsorg om å møte ungdomen sine behov, samt gje rom for å støtte vidare utvikling (Bengtson & Ruud, 2012, s. 190). Eit av dei viktigaste elementa i utviklingsstøttande omsorg er tryggleik og tilsyn. Det at ungdomane har føreseielege rammer i livet er avgjerande for den einskilde. Nokre døme på faste rammer kan vere når dei skal stå opp om morgonen, når det er leksetid og når det er fritid (Bengtson & Ruud, 2012, s. 194).

5.4 Kultursensitivitet

Kultursensitivitet er eit viktig omgrep som omhandlar at me som sosialarbeidarar og andre omsorgsgjevarar må utforske, anerkjenne og vere nyfiken på korleis dei EM tenkjer og over deira kulturelle bakgrunn. Dette er vesentleg for å kunne vekke kompetansen til den unge (Bræin & Christie, 2012, s. 280).

6. Drøfting

I denne oppgåva har eg gått ut frå eit heilskapsperspektiv, som inneberer mellom anna å sjå på «heile» menneske (Hansen, Solem & Nybø, 2017, s. 29). På grunnlag av dette vel eg å sjå på korleis ein skal jobbe sosialfagleg innanfor ulike arena som skule og arbeid, fritidsaktivitetar og sosialt fellesskap og heim. Dette meiner eg er vesentleg for auke inkludering og styrke resiliens til dei EM. I tillegg har eg funne god forskning som er relevant å diskutere i drøftinga mi. For å kunne svare på mi problemstilling på ein utfyllande måte, vel eg å kome med nokre døme frå min praksisperiode der det passar seg.

6.1 Skule og arbeid

Forskning viser at skulen er ein viktig arena for å kunne utvikle språkleg, fagleg og sosial kompetanse. Samt er skulen vesentleg for å kunne bli eit aktivt og sjølvstendig individ. Når det gjeld utdanning, arbeid og deltaking i samfunnet generelt, ser ein at mange unge og einslege mindreårige fell utanfor samfunnet. I følgje FNs barnekonvensjon jf. artikkel 28 og 29 har alle barn på lik linje rett til å ta ein utdanning. Det å få tilhøyrse i skule med jamnaldrande er avgjerande for å få ei kjensle av å bli inkludert i samfunnet. Samstundes er det ein arena der dei føler seg som «vanlege» ungdomar (Pastoor, 2012, 220-223). I tillegg er det å gje god leksehjelp, vere med på å betre ungdomen sine presentasjonar og dermed motivere dei til å gje auka innsats. God oppfølging og hjelp vil kunne førebyggje fråfall frå skulen. Kjensla av å meistra skuleoppgåvene vil også gje auka sjølvtilit (Pastoor, 2012, s. 226).

I følgje Pastoor (2017) si undersøking kjem det fram av Asabi, ei ung jente på nesten 20 år som likar å jobbe på sjukeheim i helgane. Ho fortel følgjande:

So when I start working, I feel so good. They notice when I arrive at work. It makes me so happy. There are many who ask for me, who know me. When I work I am very happy. For I do not like ... If I just sit inside, I think of different things, think about what happened to me. I can become sad. When I work, I feel so good. The old people living there, I joke with them, they tell me stories from old days, when I ask. Yes, so I learn many new things there as well, about people and society and language and such. (Pastoor, 2017, s. 153)

Ut frå Asabi si oppleving av arbeid, ser ein at deltidsarbeid er naudsynt for deltaking, læring og inkludering. Det forbetrar ikkje berre hennar språkkunnskapar, men det forbetrar også sjølvtiliten (Pastoor, 2017, 153). I dette tilfelle fekk Asabi vere deltakar i ein arena som arbeid, og fekk moglegheita til å forsørgje seg sjølv. Dette handlar om inkludering som eg nemnte tidlegare i oppgåva (Pastoor, 2012, s. 220). Med andre ord, arbeid er ein viktig arena for å bli inkludert i samfunnet vårt. Samstundes kan ein tenkje seg at ho fekk ei meistringsskjensle, sidan det kjem fram at det styrka sjølvtiliten hennar. På den andre sida kan ein anta at Asabi fekk vere del av eit fellesskap. Ein veit at meistring og fellesskap er ein resiliensfremjande faktor som bør vektleggjast i møte med ungdomen (Myhrer & Stenerud, 2011, s. 88). Med tanke på dette er det vesentleg at me som sosialarbeidarar og andre vaksne gjennom sosialfagleg arbeid, hjelp ungdomen til å ta i bruk sine egne ressursar. Her kan dei oppleve meistring og få kjensla av å styre sitt eige liv som omhandlar myndiggjering (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 104).

Ytterlegare kjem det fram av Pastoor (2017) si undersøking at det er eit høgt fokus på å oppfordre ungdomen i bufellesskap til å søkje etter deltidsarbeid. Dette fordi deltaking i det norske arbeidslivet vil skaffe både sosiale, kulturelle og norske språkkunnskapar. Deltidsarbeid er ein fin måte å førebu ungdomen til vaksenlivet, slik at overgangen ikkje blir for brå. Det kan nemleg vera ein krevjande overgang om dei ikkje får trent på dette i god tid. Dette er ikkje berre i høve til det å leve åleine, men også fordi vaksenlivet krev at ein må finansiere bustaden på eigenhand. Også av denne grunn er det viktig at ungdomane deltek i det norske arbeidslivet tidleg. Alt dette kjem fram av ein leiar i eit bufellesskap (Pastoor, 2017, 156-157).

Dette kan utdjupast vidare gjennom min praksisperiode. Der hadde bufellesskapet eit høgt fokus å motivere ungdomen til å byrje i arbeid. Både dei som budde der, men og dei som hadde flytta ut fekk oppfølging på dette området. Mellom anna mobiliserte me ressursane til ein gut som hadde flytta ut av bufellesskapet, ved å søkje som lærling på eit bilverkstad.

Guten hadde stor interesse for bil. Me hjelpte han med å skrive søknad der han fekk delta sjølv med å fylle den ut, og guten fekk jobben. Ungdomen verka veldig taknemleg for hjelpa han fekk i høve til søknaden og oppfølginga han fekk på dette området. Det skal så lite til for å leggje til rette for at nokon blir inkludert i samfunnet vårt. Gjennom godt sosialfagleg arbeid, kan ein vere med på å utgjere ein forskjell. Dersom me ikkje hadde hjelpt han med å søkje etter eit arbeid som han hadde ei stor interesse for, kan ein anta at ungdomen hadde følt seg umyndiggjort og følt at han ikkje fekk teke del i eigen situasjon. Ein kan tenkje seg at guten hadde følt seg krenka og kontrollert frå vår si side (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 255).

I tillegg hadde to av gutane deltidsarbeid bortsett frå ein gut i bufellesskapet. Guten uttrykte at han hadde kjempelyst å få seg arbeid ved sidan av studiane. Leiaren i bufellesskapet tok då grep og ringte rundt for å høyre om nokon hadde behov for ekstrahjelp. Til slutt fekk han arbeid ute i kommunen ved å hjelpe til med utgraving på ein eigedom. Når han kom heim frå arbeid dei dagane han var på jobb, verka han glad og tilfreds og var veldig oppteken av å fortelje oss vaksne kva han hadde gjort dei dagane med eit stort smil. Både dei som arbeida med han, og me som vaksne i bufellesskapet gav han mykje ros og oppmuntring i høve til arbeidet han gjorde. Dette er eit døme på å bli sett. Forsking viser at det å få slike tilbakemeldingar er med på å fremje utviklinga av resiliens (Borge, 2010, s. 37) I tillegg kan ein anta at det er med på styrke både sjølvbiletet og sjølvtiliten. Samstundes vart ungdomen inkludert, ved å vere ein deltakar i det norske arbeidslivet. (Pastoor, 2012, s. 220). Vidare kan ein tenkje seg at leiaren hadde evne til å gje utviklingsstøttande omsorg, ved å møte guten sitt behov om å få seg arbeid. Ein kan også anta at dette var med på å støtte vidare utvikling, då han fekk jobb ute i kommunen (Bengtson & Ruud, 2012, s. 190).

6.2 Fritidsaktivitetar og sosialt fellesskap

Forsking syner at deltaking i fritidsaktivitetar i tillegg til skule er den viktigaste arenaen for at EM blir inkludert i samfunnet. Her kan ungdomen få kjensla av å meistre, samt at dei kan få venskap med både norske og andre ungdomar frå ulike land. Dei fleste EM oppmodar sjølv om å få delta i sosiale aktivitetar. På den andre sida førekjem det at dei ikkje gjer det. Det er då avgjerande at me som sosialarbeidarar og andre omsorgsgjevarar motiverer dei til å delta i ein fritidsaktivitet som interesserer dei, samstundes at me hjelp dei til å ta kontakt med andre. Døme på fritidsaktivitetar kan vere treningsstudio og fotball. I tillegg til dette er også symjing populært i fleire kommunar. Vidare er det vesentleg å sjå på kva andre ungdomar i nærmiljøet deltek på. Dette kan til dømes vere ungdomsklubbar, dataspel eller andre uorganiserte sosiale

aktivitetar. Det er også nyttig å sjå på kva frivillige organisasjonar i lokalsamfunnet har å tilby når det gjeld integrering. Når ein deltek i slike organisasjonar kan det vere med på å førebyggje mellom anna skule dropp-ut. I tillegg kan ungdomen lære om demokrati og sosialt fellesskap (Barne-, likestillings – og inkluderingsdepartementet, 2011, 109-110).

Ungdomen treng å få ei ny tilhøyrsløse i samfunnet vårt. Forsking syner at det er vesentleg at ungdomen har gode relasjonar med ein eller fleire vaksenpersonar. Desse personane må klare å gje god omsorg. Barnevernet har ansvar for å organisere dette uavhengig av om det skjer i bufellesskap, hjå fosterforeldre eller andre bustadsløysingar. Det viser seg å vere ein beskyttelsesfaktor at ungdomen forholder seg til ein nær vaksenperson. Samstundes er felles tiltak som er tilpassa kvar einskild med på å førebyggje einsamheit og aukar tilhøyrsløse. Einsamheit er nokre av dei vanlegaste belastningane ungdomen har i følgje UngKul-rapporten. Det å utvikle eit sosialt nettverk med både vaksne og jamnaldrande er ein føresetnad for den einskilde ungdom. Det å få norske vener er noko både ungdomen og dei nære vaksne er opptekne av å få til. Deltaking i skule og fritidsaktivitetar er med på å danne eit godt sosialt nettverk (Myhrer & Stenerud, 2011, 86-87).

Vidare syner forskning at fysisk aktivitet gjer oss menneske meir rusta til å meistra det kvardagen kjem av utfordringar. Det gjev mellom anna glede, meistringskjensle, energi og det er med på å påverke humøret og reduserer stress. Vidare vil det å vere i aktivitet med andre gje sosialt fellesskap, samt det vil auke sannsynet for at ungdomen vil delta på andre arenaer seinare (Helsedirektoratet, 2017). I tillegg er det å delta i fritidsaktivitetar og andre sosiale arena med på å styrke ungdomen si resiliens. Dette fordi det kjem fram at meistring, fellesskap og kreativitet er nokon av dei faktorane som er med på å fremje resiliens (Myhrer & Stenerud, 2011, s. 88). I høve til dette kan ein anta at desse faktorane oppstår hjå den einskilde ungdom ved deltaking i ein fritidsaktivitet.

I følgje undersøkinga til Pastoor (2017) kjem det fram av Asghar, ein ungdom at det heile starta då han byrja med fotball. Då intervjuaren spør han om kva Asghar har lært av dei norske ungdomane han har møtt på fotballtreningane fortel han:

Language and lots of other things. There is a big difference between youth in Afghanistan and Norway. We met when I started to have football practice with them. At first it was a bit difficult for me, because I did not know the language and such. But eventually we got to know each other, and now we are best friends. (Pastor, 2017, s. 158)

Vidare spør Pastoor (2017) Asghar om han er med dei på fritida si utanom fotballtreningane også. Asghar svarar då følgjande: «Yes, we see movies together and such» (Pastoor, 2017, s. 158). Ein kan tenkje seg at det sosiale nettverket til Asghar ikkje hadde vorte utvikla på same måte, dersom han ikkje hadde vore deltakar i ein fritidsaktivitet som fotball. Fotball er eit døme på ein fritidsarena som er med på å auke inkludering (Pastoor, 2012, s. 220). På den andre sida kan ein anta at språkkunnskapane som han har tileigna seg gjennom fotballtreningane, ikkje hadde utvikla seg så fort dersom han ikkje hadde vore inkludert i denne arenaen.

Ein kan anta at Asghar opplev meistring og får ei kjensle av fellesskap når han spelar fotball med andre, noko som er med på å fremje utviklinga av resiliens. Ein kan difor tenkje seg at Asghar opplev meistring og fellesskap når han deltek på fotballtreningane (Myhrer & Stenerud, 2011, s. 88). Det er difor naudsynt at me som sosialarbeidarar og andre omsorgsgjevarar gjennom sosialfagleg arbeid, jobbar for å få ungdomen inkludert i ein fritidsarena. Grunnar til dette er fordi det fremjar utvikling på fleire områder. For å få dette til kan ein tenkje seg at det er vesentleg at me er kultursensitive i møte med ungdomen. Dette i form av å utforske og vere nyfrikne på kva ungdomane likte å drive med på fritida si i heimlandet (Bræin & Christie, 2012, s. 280). På den måten kan ein finne ein fritidsarena som interesserer dei.

Vidare ønskjer eg å kome med eit døme frå praksis for å utvide diskusjonen min. Nokre av ungdomane som budde i bufellesskapet i praksis, var aktiv i fotball og hadde kontakt med norske ungdomar. Dei hadde også gode språkkunnskapar. Alt dette i motsetnad til ein gut som sjeldan ville vere med på fotballtrening. Er dette tilfeldig? Ein kan anta at dersom han hadde vore delaktig i ein fritidsaktivitet slik som dei andre i bufellesskapet, ville språkkunnskapane ha betra seg. På den andre sida kan ein tenkje seg at han hadde utvikla eit større sosialt nettverk og fått norske vener. Det kan vere fleire grunnar til at han ikkje ville vere med på fotball. For det første kan det vere at me som vaksne ikkje har vore kultursensitive nok i møte med ungdomen, og har gløymt å utforske kva slags fritidsaktivitet han likte å delta på i heimlandet sitt (Bræin & Christie, 2012, s. 177). På den andre sida kan det vere at me gav oss for fort då han sa nei til å vere med. Vidare undrar eg på korleis det var dei gongane han var med på fotball. Gav me han nok ros då? Og sa kor flink han var? Det å få ros og oppmuntring gjennom aktivitet og i sosiale arena veit ein er med på å fremje utvikling av resiliens (Borge, 2010, s. 37). I tillegg kan ein anta at det å få slike tilbakemeldingar er med på å styrke sjølvtiliten.

I følgje undersøkinga til Skårdalsmo og Harnishfeger (2017), kjem det fram av fleire ungdomar at dei set pris på å bli spurt til å vere med på aktivitetar som til dømes fotball og symjing saman med vaksne. Mellom anna fordi dei fekk andre ting å tenke på, og fordi dei fekk vanskelege kjensler på avstand. I tillegg opplevde fleire ungdomar i denne undersøkinga at det å delta i aktivitetar var med på å bli inkludert i samfunnet. Dette fordi dei fekk lære seg nye ferdigheiter og utvikle nye venskap saman med andre ungdomar (Skårdalsmo & Harnischfeger, 2017, s. 13).

6.3 Heim

Etter busetjing i kommune, finst det ulike bu- og omsorgsløysingar for EM. Dette er mellom anna fosterheim, hybelleilegheit med tilsyn, plassering hjå slekt, bufellesskap med bemanning på fulltid eller turnusordning, barnevernsinstitusjon for barn med særskilte behov og hybelleilegheit/leilegheit utan tilsyn for EM som har fylt 18 år. Ut frå dei vitenskaplege forskingsartiklane som eg har funne, synes det å vere utfordringar å oppleve heimen som ein heim for fleire ungdomar/omsorgsgjevarar. Samstundes viser det seg at sosialfagleg arbeid ikkje alltid blir praktisert frå dei vaksne si side i heimen til ungdomen. Dette er spesielt utfordringar knytt til det å bu i bufellesskap.

Bufellesskap har dei siste åra lagt mykje meir vekt på EM i alderen 16-18 år. Som ein del av mi problemstilling, stiller eg spørsmål om korleis me kan auke inkludering og styrke resiliens til dei unge. Forsking syner at bustaden har mykje å seie for korleis ungdomane blir inkludert og deira moglegheiter med tanke på rehabilitering, samt korleis miljøet er i og kring bustaden. I tillegg kan det også påverke ungdomens si eigenverd og sjølvtilitt med tanke på korleis bustaden ser ut. Dersom bustaden sin utsjånad og standard ser dårleg ut, kan det gjenspegle deira plass i samfunnet og deira liv før dei kom til Noreg. Det er difor viktig å skape stabilitet og trygge rammer rundt den unge, og bustaden spelar difor ei vesentleg rolle (Berg, 2012, 208-209).

Vidare syner forskning at fleire bufellesskap bær preg av ein utsjånad som liknar meir på ein institusjon. I tillegg er det fleire tilsette som arbeider i turnus. Med tanke på dette ser ikkje alltid bufellesskapet ut som ein heim for ungdomen. Viktige faktorar for at ungdomen skal oppleve det som heim, er at dei skal føle tryggleik, kontinuitet og trivsel i heimen. Kontinuitet er mellom anna ein resiliensfremjande faktor som eg har nemnt tidlegare i oppgåva. Der ungdomen til dømes ser ein raud tråd i livet sitt (Myhrer & Stenerud, 2011, 88-89). Ein raud

tråd kan tolkast som at det er stabile og trygge rammer rundt den unge. I høve til dette, kan ein anta at utskifting av vaksne i turnusarbeid kan vera med på skape ustabilitet for den einskilde ungdom.

I tråd med dette syner Eide et al. (2017) at det er fleire som synes at bufellesskapet ikkje liknar på ein heim, men meir på ein institusjon. Ein miljøarbeidar skildrar det slik:

Jeg syns ikke det er et preg av et hjem. Jeg syns jo det er en institusjon. Jeg vet ikke hvor et hjem, jeg, hvor man bare er åtte timer så forsvinner man og så kommer man tilbake etter en dag eller to, så er man der åtte timer til. Det er ikke et hjem. (Eide et al., 2017, s. 324)

Ytterlegare fortel ein miljøarbeidar: «Vi får ofte spørsmål om, eller vi får en uttalelse fra ungdommer – «dere er ikke glad i oss, dere er på jobb». Og det er så sårbart, og det er så vondt (Eide et al., 2017, s. 324). Til forskjell frå dette syner Eide et al. (2017) at bufellesskapet ikkje liknar på ein institusjon (Eide et al., 2017, s. 323). Ein miljøarbeidar som jobbar i eit bufellesskap fortel følgjande:

Det er ikke en institusjon, ikke institusjon i det hele tatt. Det er faktisk et hjem fordi jeg pleier å si, faktisk jeg har to hjem nå. Jeg kommer hjem fra jobben og så tenker, herregud, jeg har ikke mel, jeg har handla, ikke sant, men det har jeg handla på jobb. Når jeg går inn i huset det er ikke jobb for meg, det er et hjem hvor det bor fem-seks ungdommer, jeg har blitt glad i alle disse ungdommene, ikke sant. (Eide et al., 2017, s. 323)

Samstundes kjem det fram av fleire at ein ikkje bør ha som mål å skape ein heim, dette fordi det skal vere ein mellombels og profesjonell relasjon mellom ungdomane og dei vaksne (Eide et al., 2017, s. 324). Ein leiar i eit bufellesskap skildrar det slik:

Hvis man går inn og skaper en så sterk og nær tilknytning at man blir en ny mamma så skal man avslutte det når ungen blir 20 år, og hvis du har vært det nærmeste man har hatt og gjør dem avhengig av deg, da har du ikke gjort jobben din. (Eide et al., 2017, s. 324)

På grunnlag av desse ytringane rundt korleis ein heim skal vere, kan det tolkast som at det er fleire ulike synspunkt. Slik som eg nemnte tidlegare i oppgåva er det uansett vesentleg gjennom sosialfagleg arbeid å skape ein god relasjon. Noko som er med på å fremje utvikling av resiliens til dei einslege mindreårige ungdomane (Bengtson & Ruud, 2012, s. 189).

For å utvide diskusjonen i oppgåva, ønskjer eg å illustrere nokon døme på korleis det var i min praksis. Der eg var i praksis var det tilsette som jobba i medleverturnus, som inneberer at ein er 3-4 dagar på i strekk, 3 dagar i vekedagane og 4 dagar i helgane. Mellom øktene, hadde dei tilsette 7 dagar av. Ein kan anta at dette er med på å skape kontinuitet då ein føl ungdomen over fleire dagar, som er ein av dei resiliensfremjande faktorane som eg nemnte tidlegare i oppgåva (Myhrer & Stenerud, 2011, s. 88). Ein ulempe var at det tok ei veke før dei tilsette kom att. Uansett fekk eg kjensla av at eg vart betre kjent med ungdomane når eg var der over fleire dagar. Me kunne til dømes ta del i ein aktivitet som tok meir tid enn ein vanleg arbeidsdag på 7-8 timar. Noko ein kanskje ikkje hadde fått tid til elles. Vidare observerte eg at utsjånaden på heimen var «heimekoseleg», med tanke på at det hang bilete av ungdomane på veggane. På den andre sida var bustaden relativt gamal i alder. Samstundes var det ikkje så mykje utstyr som i ein «vanleg» heim. Ein gut fortalde meg at han ikkje ønskte å invitere nokon norske vener over på besøk pga. utsjånaden på bustaden, difor valde han heller å invitere nokon av dei andre som han kjente som budde i eit anna bufellesskap. Ein kan tenkje seg at dersom heimen var av nyare standard og likna meir på ein «vanleg» heim, ville han kanskje ha invitert nokon norske ungdomar over på besøk? Me som sosialarbeidarar og andre omsorgsgjevarar må gjennom sosialfagleg arbeid sørgje for å jobbe for at ungdomen ikkje skal føle seg einsam. Difor er det naudsynt at ungdomen får utvikle eit godt sosialt nettverk med andre ungdomar (Myhrer & Stenerud, 2011, s. 87). Ein veit at dette er vesentleg for å kunne bli inkludert som ein deltakar i det norske samfunn (Pastoor, 2012, s. 220).

Ytterlegare syner forskning at overgangen frå å bu i eit bufellesskap til å flytte inn i eigen hybel/leilegheit utan tilsyn kan vere ein brå omvending for fleire. Her er det vesentleg at me som jobbar med EM ikkje slepp taket for fort og at me har ettervern i fokus. Er det manglar på dette kan ungdomane bli bekymra. I tillegg er det vesentleg at me i forkant før denne omvendinga jobbar for å sikre at ungdomane utviklar eit godt sosialt nettverk før han/ho flyttar ut. I tillegg må me vere førebudd på at denne omvendinga kan by på utfordringar for den einskilde. Dette fordi det syner å vera utfordringar å meistre krava vaksenlivet krev av oss. Eit godt ettervernstiltak er til dømes å invitere ungdomane på middag eller med på andre sosiale aktivitetar. Når ein følgjer opp ungdomane etter dei har flytta ut, er det også med på å oppretthalde dei viktige relasjonane dei har til dei vaksne. Ein god måte å førebu ungdomen til vaksenlivet er å flytte inn i ein treningshybel for å få ein meir glidande overgang (Myhrer & Stenerud, 2011, 90-91).

Basert på intervju finn Pastoor (2017) ut i undersøkinga si at det ikkje alltid er lett å flytte frå eit bufellesskap til eigen bustad. Saeed, ein ungdom skildrar det slik:

It's boring. I'm almost lonely; I think it's a little hard to live alone. It is different in the group homes, where you can meet people all the time. But I am all alone. (...) It is a bit difficult to be in Norway without family, but otherwise it is very good to be here, being able to go to school and have freedom. (Pastoor, 2017, s. 157)

Til forskjell frå Asghar, ein annan ungdom som fortel følgjande:

I lived in a group home for four to five months. It was boring so I moved. I would rather live on my own, because the one can do as one pleases. Why should I share a housing with others? I did not like to live with the others ... some were from Somalia and things like this. (Pastoor, 2017, s. 158)

Vidare kjem det fram av Asghar at han har mange vener frå ulike land, samt mange norske vener, men likevel kjenner seg einsam av og til (Pastoor, 2017, s. 158).

Kan det tenkjast at Saeed syns det er keisamt å bu åleine pga. lite nettverk? Ut frå det Saeed fortalde, fekk meg til å undre på om bufellesskapet har jobba mot å sikre Saeed eit godt sosialt nettverk før han flytta ut. På den andre sida kan det vere at bufellesskapet ikkje har hatt ettervern i fokus, som til dømes det å invitere Saeed på middag eller med på felles aktivitetar. Dette er viktige tiltak som er med på å oppretthalde viktige relasjonar til vaksne (Myhrer & Stenerud, 2011, 90-91).

Dette kan utdjupast vidare gjennom min praksiserfaring, der me hadde kontakt med dei fleste av ungdomane etter utflytting. Til dømes inviterte me dei på middag og med på fotballtrening. Samstundes hjalp dei me med praktiske gjeremål i kvardagen, som til dømes å køyre dei på butikken for å pante flasker. Vidare kan ein anta at Asghar syns det er lettare å bu åleine då han har eit godt sosialt nettverk utanom. På den andre sida kan det vere at bufellesskapet som han budde på, var med på å sikre Asghar mot å få eit godt sosialt nettverk før han flytta ut. Dette fekk meg til å undre på kvifor han framleis kjenner seg einsam då han har eit stort sosialt nettverk? Kan det vere at ettervernet sviktar, og Asghar ikkje har nokon nære vaksenpersonar rundt seg? Ein kan anta at dette kan vere ein faktor for at han framleis kjenner seg einsam. Å utvikle eit godt sosialt nettverk med vaksne er vel så viktig som å utvikle det saman med jamnaldrande (Myhrer & Stenerud, 2011, s. 87). For å få til dette er det naudsynt at me som sosialarbeidarar og andre vaksne gjennom sosialfagleg arbeid har evne til å gje

utviklingsstøttande omsorg. Som eg nemnte tidlegare i oppgåva omhandlar dette å gje tryggleik og tilsyn, samt at me støttar vidare utvikling (Bengtson & Ruud, 2012, s. 194). Ein kan anta at Saeed opplev det som trygt, dersom han har kontakt med ein nær vaksenperson. Når dette er sagt, kan ein ikkje fastslå at Saeed ikkje har kontakt med nære vaksenpersonar. Dersom det skulle vise seg at ettervernet manglar, kan ein tenkje seg at dette kan vere ein grunn for at han kjenner seg einsam, til tross for godt sosialt nettverk med jamnaldrande.

I følgje Skårdalsmo og Harnischfeger (2017) si undersøking, kjem det fram av fleire ungdomar at dei vaksne må bli flinkare til å sjå dei som einskilde individ i heimen. I tillegg å sjå deira behov, samt ta deira perspektiv. Ein ungdom på 14 år fortel følgjande: «Det hadde vært fint hvis de spør eksempel hvilket behov vi har, eller hva vi forventer, eller hvordan vi ønsker å bli behandlet» (Skårdalsmo & Harnischfeger, 2017, s. 10). Slik som eg nemnte tidlegare i oppgåva, er det vesentleg at me gjennom sosialfagleg arbeid har evne til å gje utviklingsstøttande omsorg. Dette inneberer mellom anna at ein må møte barna sine behov (Bengtson & Ruud, 2012, s. 190). Vidare kan ein anta at det å få til ein god relasjon blir vanskeleg då behova ikkje vert møtt. Slik som eg har nemnt tidlegare er det å tilby ein god relasjon, ei viktig ramme innanfor sosialfagleg arbeid. I tillegg veit ein at god relasjon er med på å fremje utviklinga av resiliens (Bengtson & Ruud, 2012, s. 189).

Vidare kjem det fram av undersøkinga til Skårdalsmo og Harnischfeger (2017) av ein ungdom: «De må skjønne hvordan de har det, når de er trist, sint, lei seg, ikke sant, alle de følelsene som de har. Skulle ønske at noen av de ansatte var litt bedre på å skjønne det» (Skårdalsmo & Harnischfeger, 2017, s. 11). Som nemnt tidlegare må me som sosialarbeidarar og andre vaksne gjennom sosialfagleg arbeid, ha evne til å vise empati som er ein vesentleg faktor som må vere til stades for å få til ein god relasjon. Dette omhandlar at me skal ha evne til å setje oss inn i den andre si subjektive oppleving, ved å vite kva slags kjensler som er aktiverte, samt kva innhald det er i opplevinga til den einskilde ungdom. Dette gjer ein ved å lytte, forstå og anerkjenne (Røkenes & Hanssen, 2012, 180-190). Ein kan anta dersom omsorgsgjevarane hadde forstått korleis dei har det ut frå kva slags kjensler som blir uttrykt. Så kan relasjonen mellom dei bli betre også. Dette fordi at ein veit at ein god relasjon er med på å fremje utvikling av resiliens (Bengtson & Ruud, 2012, s. 189). Ytterlegare kan ein tenkje seg at dei vaksne i dette tilfelle ikkje er kultursensitive nok i møte med ungdomen. Dette fordi dei ikkje viser forståing over kva slags kjensler som blir uttrykt hjå den einskilde, som er ei viktig ramme innanfor sosialfagleg arbeid. Det å utforske og vere nyfiken på kva ungdomen

tenkjer på når dei til dømes er lei seg, er vesentleg for å imøtekomme dei på ein best mogleg måte (Bræin og Christie, 2012, s. 280).

Ytterlegare peikar undersøkinga til Skårdalsmo og Harnischfeger (2017) på at ein ungdom ikkje reiste på skulen fordi han vart dårleg behandla av omsorgsgjevarane. Ungdomen bad nemleg dei om hjelp til å opne døra, fordi han gjekk på krykker og hadde veldig vondt i foten. Det resulterte i at dei ikkje ville hjelpe han (Skårdalsmo & Harnischfeger, 2017, s. 11).

Ungdomen fortel følgjande:

Og så gikk jeg på rommet mitt, og så kom hun damen [...] Og jeg har vondt i foten, veldig vondt. Også hun kommer: «Hvorfor gikk du ikke på skole?» og sånn og sånn. I stedet for hun må snakke rolig med meg siden jeg har vondt i foten og sånn. Hun bare «Hvorfor gikk du ikke på skolen?», jeg sa: «Han ikke åpnet døren», også hun sa «Ingen er tjeneren din her» og sånn og sånn. Jeg ble veldig sint. (Skårdalsmo & Harnischfeger, 2017, s. 11)

Vidare kjem det fram av fleire ungdomar at omsorgsgivarar berre er ute etter løna si, og ikkje er der for å gjere jobben dei verkeleg skal gjere. Altså det å vere der på ekte for ungdomane. Fleire ungdomar opplev dei som «frekke», «slemme» og «strenge» (Skårdalsmo & Harnischfeger, 2017, s. 11). Ein ungdom uttalar det slik:

Mange av dem er snille, mange av dem er ikke snille. Mange av de mobber. For eksempel [...] de gjør sånn, ikke sant [viser hermetegn i luften med fingrene]. For eksempel at «du er 'barn'» [...]. Jeg blir litt irritert. At de mobber og sånt. [...] De må de ikke gjøre det fordi vi ikke... vi kom ikke her for å ha det gøy. Vi hadde problemer og sånt, derfor vi kommer. (Skårdalsmo & Harnischfeger, 2017, s. 11)

Ut frå det informantane fortel om, kan ein anta at omsorgsgjevarane ikkje alltid har sosialfagleg arbeid i fokus. I det sosialfaglege arbeidet må me som sosialarbeidarar og andre vaksne mellom anna ha fokus på å tilby ein god relasjon. For å få til dette må vere vennlege, imøtekommande og vere ekte i møte med ungdomen (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 181). Forsking syner at det å få til ein god relasjon, også er med på å fremje utvikling av resiliens (Bengtson & Ruud, 2012, s. 189). Når dei vaksne mobbar og er berre ute etter løna si, kan ein tenkje seg at dette kan vere øydeleggjande når det gjeld å relasjonsbygging. Når relasjonen ikkje er tilstades, kan ein også anta at det vert vanskeleg å invitere dei med på ulike aktivitetar for å auke inkludering, ved at ungdomen blir ein deltakar i det norske samfunn (Pastoor, 2012, s. 220).

Vidare kjem det fram av undersøkinga til Skårdalsmo og Harnischfeger (2017) at ungdomane ofte opplev at reglane i heimen ikkje alltid gjev mening. Til dømes at reglane skiftar etter ein periode, samt at det skiftar alt etter kven som er på jobb. I tillegg førekjem det ofte at omsorgsgjevarane fornya reglane. Når reglane plutselig blir endra på den måten, skildrar nokre ungdomar at konflikhtar ofte oppstår unødvendig (Skårdalsmo & Harnischfeger, 2017, s. 13). Ein ungdom fortel at:

Når eg bodde [navn på omsorgssenter], da kom det nye voksne, ikkje sant. Også de byttet nye regler. Så hver sin voksne byttet hver sin regler, da ble jeg skikkelig sånn irritert. [...] De lagde nye regler hver dag nesten. Så jeg ble skikkelig irritert. Ellers det var greit. (Skårdalsmo & Harnischfeger, 2017, 13-14)

Ut frå dette kan det tolkast som at det ikkje alltid er føreseielege rammer i heimen. I det sosialfaglege arbeidet må me som sosialarbeidarar og andre omsorgsgjevarar ha evne til å yte utviklingsstøttande omsorg. Dette inneberer mellom anna at det er føreseielege rammer i livet til den einskilde. Dei EM veit gjerne ikkje kva som skjer komande veke, månad eller år. Difor kan dette spele ei større rolle for EM, i motsetnad til andre ungdomar elles (Bengtson & Ruud, 2012, 194-195). Samstundes kan ein anta at utskifting av reglar er med på at ungdomen ikkje ser ein raud tråd i livet sitt. Det å sjå ein raud tråd i livet sitt er vesentleg for å utvikle kontinuitet som er ein resiliensfremjande faktor som eg har nemnt tidlegare i oppgåva (Myhrer & Stenerud, 2011, s. 88).

7. Avslutning/konklusjon

Hovudmålet med min litteraturstudie var å finne svar på følgjande problemstilling: Korleis kan me jobbe for å auke inkludering av einslege mindreårige ungdomar, og slik styrke deira resiliens? For å kunne svare på problemstillinga mi, plukka eg ut fire sentrale rammer innanfor sosialfagleg arbeid. Dette er rammer som eg meiner sosialarbeidarar og andre omsorgsgjevarar bør ha i fokus for å auke inkludering og styrke resiliens hjå den unge. Det å mobilisere ressursar, tilby ein god relasjon, gje utviklingsstøttande omsorg og ha fokus på kultursensitivitet er sentrale rammer, som eg meiner er naudsynt å fokusere på for å auka deira livskvalitet i eit nytt og ukjent land.

Eg valde ulike arena som skule og arbeid, fritidsaktivitetar og sosialt fellesskap og heim. Desse vart valt fordi forskning syner at omsorgsgjevarar ofte har vanskar med å jobbe

sosialfagleg innanfor desse arenaene. For å kunne vise til nokre av funna mine, kom det fram ulike tema som mange einslege mindreårige ungdomar uttalte i undersøkinga til Skårdalsmo og Harnischfeger (2017). Dette var tema som å ikkje bli ivareteken på ein god nok måte av dei vaksne. Til dømes kom det fram av EM at mange vaksne berre var ute etter løna si, samt ikkje alltid var i stand til å imøtekomme deira behov. Samstundes fortel ungdomane at dei kan oppleve omsorgsgjevarane mellom anna som «slemme» og «frekke». Alt dette kan vera øydeleggjande for å auke inkludering og styrke resiliens. Ytterlegare syner undersøkinga til Pastoor (2017), at arbeid og fritidsaktivitetar er ein viktig arena for at dei EM skal bli inkludert i samfunnet vårt. I tillegg peikar Eide et al. (2017) si undersøking på at fleire syns at heimen liknar meir på ein institusjon. På grunnlag av dette blir ikkje heimen opplevd som ein heim for den unge.

Det eg har lært i denne oppgåva er at dei EM ikkje nødvendigvis treng å utvikle problem, fordi dei har store ibuande ressursar som bør vektleggjast. Dette fordi det krev store ressursar å flykte frå landet sitt åleine. Ein stor føresetnad er korleis me som sosialarbeidarar og andre vaksne møter dei i vårt samfunn. Med tanke på dette gjekk eg ut frå eit heilskapsperspektiv gjennom oppgåva, som er eit sentralt perspektiv innanfor sosialt arbeid. Her retta eg fokuset mot å sjå på «personen i situasjonen». Det å ha i bakhovudet at EM blir påverka av det som skjer rundt den einskilde er vesentleg for å yte godt sosialfagleg arbeid. Det er viktig å ikkje leggje skulda på ungdomen, men heller rette blikket mot korleis me møter den unge. På den måten kan ein tenkje seg at me som sosialarbeidarar og andre vaksne bidreg til at ungdomen får auka livskvalitet. Med andre ord, ungdomen kan klare å meistra den nye kvardagen i Noreg.

8. Litteraturliste

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2011). *Arbeid med enslige mindreårige asylsøkere og flyktninger: En håndbok for kommunene*. Oslo: Barne-, likestillings – og inkluderingsdepartementet.

Bengtson, M., Ruud, A. K. (2012). Utviklingsstøttende omsorg i mottaksfasen. I K. Eide (Red.), *Barn på flukt: Psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger* (s. 183-198). Oslo: Gyldendal Akademisk.

- Berg, B. (2012). Fra et liv på vent til bosetting i kommunene. I K. Eide (Red.), *Barn på flukt: Psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger* (s. 199-218). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Borge, A. I. H. (2010). *Resiliens: Risiko og sunn utvikling* (2. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Bræin, M. K., Christie, H. J. (2012). Terapi med enslige mindreårige flyktninger og asylsøkere. I K. Eide (Red.), *Barn på flukt: Psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger* (s. 271-291). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Dalland, O. (2007). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (4. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Eide, K. (2012). Forord. I K. Eide (Red.), *Barn på flukt: Psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger* (s. 5-6). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Eide, K., Kjelaas, I., Larsgaard, A. K. (2017). Hjem eller institusjon? Om tvetydigheten i omsorgsarbeid med enslige mindreårige flyktninger bosatt i kommunene. *Tidsskrift for Velferdsforskning*, 20(4), 317-331.
- Eide, K. (2012). Hvem er de enslige mindreårige flyktningene? I K. Eide (Red.), *Barn på flukt: Psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger* (s. 14-30). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Ellingsen, I., Skjefstad, N. S. (2015). Anerkjennelse, myndiggjøring og brukermedvirkning. I I. T. Ellingsen., I. Levin., B. Berg., L C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid: En grunnbok* (s. 97-111). Oslo: Universitetsforlaget.
- Gyldendal. (udatert). Ketil Eide. Henta frå <http://www.gyldendal.no/Forfattere/Eide-Ketil>
- Hansen, R., Solem, M.-B. & Nybø, E. (2017). Sosialt arbeid som fag. I R. Hansen & M.-B. Solem (Red.), *Sosialt arbeid : En situert praksis* (s. 23-45). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Helsedirektoratet. (2017, 23. mai). Psykisk helse og fysisk aktivitet. Henta frå <https://helsenorge.no/psykisk-helse/psykisk-helse-og-fysisk-aktivitet>
- Jacobsen, D. I. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring: Innføring i metode for helse- og sosialfagene* (2. utg.). Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Myhrer, H. R., & Stenerud, E. (2011). Enslige mindreårige flyktninger i kommunene : Faglige perspektiv på bosettingsarbeidet. *Tidsskriftet Norges Barnevern*, 88(2), 82-92.

Pastoor, L. d. W. (2016). Enslige unge flyktnings psykososiale utfordringer: behovet for en flyktning-kompetent skole. I C. Øverlien., M.-I. Hauge & J.-H. Schulz (Red.), *Barn, vold og traumer: Møter med unge i utsatte livssituasjoner* (s. 200-219). Oslo: Universitetsforlaget.

Pastoor, L. d. W. (2017). Reconceptualising refugee education : exploring the diverse learning contexts of unaccompanied young refugees upon resettlement. *Intercultural Education*, 28(2), 143-164. doi: 10.1080/14675986.2017.1295572

Pastoor, L. d. W. (2012). Skolen – et sted å lære og et sted å være. I K. Eide (Red.), *Barn på flukt: Psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger* (s. 219-239). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Røkenes, O. H. & Hanssen, P.-H. (2012). *Bære eller bryte: Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker* (3. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

Skårdalsmo, E. M. B., & Harnischfeger, J. (2017). Vær snill! Råd fra enslige mindreårige asylsøkere og flyktninger til voksne omsorgsgivere. *Tidsskriftet Norges Barnevern*, 94(1), 6-21. doi:10.18261

Sommerseth, K. (2017, 13. juli). Barn på flukt. Henta frå <https://www.reddbarna.no/nyheter/barn-paa-flukt>

Waaktaar, T. & Christie, H. J. (2000). *Styrk sterke sider: Håndbok i resilience grupper for barn med psykososiale belastninger*. Oslo: Kommuneforlaget.